

Styremøte 20.aug.-18 kl 18.30 hos Kristin A.

- Sak 57/-18 Referat og meldingar
*Fredagskafe med VBK fredag 16.nov.
*Samrådsmøte 30.sept. - 1.okt. på Smøla.
Mette melder på 5 stk.
*Lokallagssending frå NBK:
Nytt prosjekt: Tradisjonsmatkurs i 2019.
Organisasjonsskule for tillitsvalde: tilgjengeleg på nett frå 1.sept. 2018.
- Sak 58/-18 Økonomi
På plasseringskonto ca.232000 kr.
På brukskonto ca. 20000 kr.
- Sak 59/-18 Sansehagen
Paviljongen er oppsett, no skal han målast.
Knut Frostad, Einar Walldal, Johan Myklebust, Magne Krogh og Oddbjørn Kleppe
hjelpete til med oppsetjinga.
I sommar har Byrg + nokre friviljuge vore med og vatna.
Møte i arbeidsgruppa for Sansehagen i dag, torsdag.
På tale med ein open paviljonginnviingsfest med nokre innbedne gjestar.
- Sak 60/-18 Kulturminnedagen laurdag 8.sept.kl. 11 - 16.
Stad: Husflidshjørnet - Husflidslaget med utstilling inne? og VBK med sal av
tradisjonsmat tjukklefse ute.
Dersom dårleg ver - flytting til ungdomshuset i Fjørå.
Plastkoppar, asjetter, kniver, saft, kaffi : Mette M. ansvarleg for innkjøp.
Medlemer til å hjelpe til: Solveig og Mette M. ansvarlege for å spørje.
Dei som møter, tek med kaffekanne (med kaffi?).
- Sak 61/-18 Kveldstur og kveldsmat
Nye datoer: Måndag 24.sept., 29.okt., 26. nov. med oppmøte kl. 18.
Dersom bakeriet held stengt måndagar, vel vi ein annan dag.
Samde om at prisen kan aukast noko.
Björg kontaktar Hillevi.
- Sak 62/-18 Evaluering aksjon Seterbok
Ca. 20 Seterbøker vart selde. Nelly og Solveig var i aksjon på olsok.
Kristin vore aktiv mot mange turistplassar.
Best å snakke personleg med folk, lettast å få folk til å kjøpe då.
- Sak 63/-18 Råvareaksjon tysdag 16.okt.
Bygg er tema i år.
Eiga gruppe til å arbeide med aksjonen: Mette M. , Björg, Solveig.
Kultursalen i Martin Linge-huset kl.18. Björg tingar salen frå kl. 16.
Aksjon god og sunn mat. Talar: Risvik.
Moglege samarbeidspartnarar: Muritunet, institusjonskjøkken, skule.
Søknad om støtte til Gjensidige (Solveig tek kontakt), bank.
Mette tek kontakt med NBK om vilkåra for utdeling av gratisposar med bygg.
Mette sender ev. skriv om bygg frå NBK til Storfjordnytt.
Annonse, invitasjon: Invitasjon til bygdekvinnelag, helselag, M&R BK, NBK m. m. -
ansvar Björg.
- Sak 64/-18 Haust 2018
Aug. Sansehagen - måling?: Ansvar Sansehage -arbeidsgruppa.
Sept. Kulturminnedag laurdag 8.sept. : Ansvar styret.
Klovsettur måndag 10. sept.: Ansvar Aktivitetsgruppa.
Kveldstur og kveldsmat måndag 24. sept.?: Ansvar styret.

- Okt. Råvareaksjon tysdag 16.okt.: Ansvar styret.
Kveldstur og kveldsmat måndag 29. okt.? : Ansvar styret.
Kyrkjekaffi? : Ansvar Kafegruppa.
- Nov. Årsmøte: Ansvar styret.
Fredagskafe fredag 16.nov.: Ansvar Kafegruppa.
Kveldstur og kveldsmat måndag 26.nov.? : Ansvar styret.
Juleavslutning: Ansvar Aktivitetsgruppa.

Sunneva Linge skrivar